

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Meland

Emne: Folkeløse musikinstrument.

Bygdelag: Meland

Oppskr. av: Elias Hjåtveit, født 1874.

Gard: Hjåtveit

(adresse): Trekhaug, om Bergen.

G.nr. 22 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *etter eige røynsle.*

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Tysk fela.

Første tyske fela eg kan hugsa i Meland var fela åt den nye læraren (seminaristen) som kom i mi skuletid, Den første læraren min lærde barni å syngja etter salmodikon. For han hadde fengje dette instrumentet ifrå, veit eg ikkje.

Lærer O. B. Skorpen, som var min lærar i folkeskulen lengste tidi, lærde oss å syngja etter tysk fela. Andre lærarar i bygdi hev sidan den tid også høvt tysk fela. Ein lærar, eg som vatesen gjekk på skuleilag med, spela orgel (ikkje fela.) Tysk fela er seinare kome literevta i bruk, særleg millom indremisjonsungdom. Det er ikkje fritt at mange av desse folk hev trutt, at hardingfela var eit syndigt instrument. På møte hev indremisjonsfolk ilag med fela nytta gitarar og song- og stundom også fleire instrument. Dette hev ikkje gjort noko merhande skade for hardingfela. Det hev derimot trekspelet gjort. Larm og takt vert herre over ynde og vanteik. Men hardingfela hev

likvel sine treifaste dykkarar — om dei ikkje er so mange.

2.) Hardingfela.

Hardingfela er gamal her i Melland. Her hev vore mange spelemenner. Ein av dei få, som nådde sers høgt var Per Mjølveit (Peder Olavson M.) Han levde frå 1800 til 1884. To ellingar etter han er spelemenn og ein er felemakar.

Tidlegare veit eg ikkje om et det hev vore noko felemakarar i Melland. Men sume spelemenner künde laga felorne sine sjölve. Elles var det ein felemakar i Bergen, som den tid laga felor åt mange i bygdene her vest. Han heitte Heldal. Om han laga felstreggjør sjölv veit eg ikkje, men han hadde strengjer å selja. Sone Björndal veit meir å fortelja om han. Melland sine felor var litegrand smalare en felorne vanleg er no. Summe av dei var bra felor, mange var billegt hastverksarbeid.

Kamn på dei ymsne delane av fela: Botn og lake. Ljodholi. Halsen. Stillingane (Skruane) Lyngjebrettet. (Gribbrettet) Snekten, som strengjerne kailer på i framste enden av halsen. Björnen (uttalen her: Bjöden de. stolen.)

Dei eldste hardingfelone hadde til pynt på enden av halsen eit hovud av ei brüd

med krønna på. Dei gamle felebøgane
 var ikkje ^{so} beine ~~stik~~ som dei ^{no} vert laga.
 Dei var av skap som ein boge brukt
 til pilebyrsor. Istaden for å vera
 salryggja som den gartrud, kan Jens
 Tvedt skriv om, (det me kallar
 „attekjike“) so var dei bøygde den
 andre vegen solis:

Prickane er då der harget skal vera.
 Bøgane sine laga då felemakarane
 sjolve - anten han var felemakar
 av fag eller spelemann. Bøgane
 var i eldre tid noko stuttare en
 dei vert bruka no. Verkstaden,
 av dei lange bogedrag hadde dei
 ikkje lart å utnytte den gangen.
 Bakbrettet er det „brettet“ strengjorne
 vert festa i attanfor stolen. Pinnen
 som stend under stolen inne i
 fela (litt attum stolen eller bjørnen)
 vert kalla pinnen. Dei eldste felorne,
 som eg minnest hadde bogar,
 som vert strande litt anleis
 en bybøgane, som vert strama
 og slakta med sprue. Bogar
 laga på bygdene hadde på tjukkaste
 enden av bogen og på motsette
 sida av der harget var ei sag
 festa ~~til~~ ^{til} ein metalstreng
 gjekk frå det lause stykket harget
 var festa til og tvers over
 sagi. Ved å flytta metalstrengen
 kunde ein strama eller slakta

harget i bogen. Som ung gut laga eg ogso sjölv bätte felor og bogar til eige bruk. Då eg som vaksen hadde lert meir å spela, kjøpte eg fela frå Gunnar Helland i Telemark. Den fela hev eg enno. Tyskenbarnet mitt J. hadde først kjøpt Helland-fela. Då eg høyrde den, måtte eg og ha tak i ei slik.

Knüt Poretvett, Myking, laga mange felor. Dødt.

3) Salmodikon.

Min første skulemeister (lærer og klokker) men ikkje "seminarist") hadde salmodikon, som me skulde lera å syngeja etter. (Jag er född 1874). Tyskenbarnet mitt St. Hagen, som var nokre år eldre en eg, laga seg då sjölv eit salmodikon. (Dja eg hadde eit lite eg og.) Ein gardbrukar her på Myrvatt var hendi'g trearbeidar. Han laga ogso seg eit salmodikon. ellen han var mindre musikalsk en han var dugande med hövel og kniv, so musikken kom han ikkje til å dyrka stort. — At einstille på andre gardar ogso den tidi laga seg salmodikon er brüegt.

Lur.

Lur hev eg kortje set elder høyrst gjete at nokon hev haat her i bygde. ellen eingang, di

5-
då eg var i min beste ungdom
høyde eg på eit ungdomsstemne
(i Trana ved Bergen) to lær-
blåsarar. Dei var ifrå Masfjor-
den - som ikkje er so langt herifrå.

Dei som hadde tilskjipa den-
ne ungdomsstemna, dei
hadde lyst etter lærblåsarar, og
solcis hadde det seg, at desse to
karane hadde møtt opp. Det
var ikkje so mange tonane dei
kunne få fram på desse instru-
menti, hugsar eg. Og det
vart helder ingi premiar å få.
Eg hugsar den kjende læraren
og diktaren (Bergen) Hans Mo
Steig fram på talarstolen og
bar fram undskylldning for
at det ikkje var rar musikk
lærblåsarane hadde gjeve.
Men dugde ikkje læren til musikk,
so vilde han beda ungdommen
dyrka songkunsten (korsong).
Og so love han lærblåsarane
reise pengar. Dette er alt, som
eg i mitt liv hev sett og
høyt og sett til lær og lærblåster.

Flyte.

uttalen her er flyta. I min barn-
dom og ungdom var det vanlegt
med seljeflyte (uttalen her i flirtal).
Det var barnespel å blåsa i flyta -

som berre gav ein tone. Andre flytor av tre künde ogso verta laga til born. Summe ungdomar künde ogso laga slike flyte, som künde spelast songtonar på. Slike instrumment finns det ingjenting att av no. Det var ikkje slikt som vart gjøymd so lengje på. — Ein ungdom på min alder minnest eg hadde eingong ei munnharpa. Ho hadde skap som ein hestesko. Truleg var denne harpa kjøpt i Bergen.

Bolk B.

Endremisjonsfolki hev teke til å nytta på måti sine gitar, og mandolin. I sume bedehus er ogso kome husorgler. Mellom den andre ungdomen er handorglet (takkspillet) det mest „högvyrdet“ til dansemusikk. Endå til i bryllup. Hardingfela vert ikkje mykje nytta no i ungdomshusi. Berre få av dei, som no er unge, hev lert å forstå denne musikken. — Det finns i bygdi eit hornmusikklag. Dette lag er stundom med på fester i ungdomslagi. Elles eig dei sitt eige forsamlingshus, der dei ogso hev sine egne fester. 17de mai plå dei spela i Meland kyrkje og i prosesjonen. Dette musikklaget hev halde på i mange år no.

2) Lembatesfolk er her ikkje stort av her i bygdi.

4.

Men bygdi hev tvo ungdomsskular
og ein húsmorsskule. Dei instrument
som rár der er orgel og piano (og tysk
fela) til húsbruk).

Desse instrument förde nokk
med seg ny musikk til bygdi-
men folk flest skjönar sikkert
lite av den. Dei gamle slåttane
vert aldri spela på slike instrument.
Og künstmusikken vert helder ikkje
spela på hardingfela, når eg då frå-
reknar meg sjölv. — —

Lei flyta (flöyte) som vert kalla
gauk (Gjök) kan ein ender og då
höyra ungdomar spela songtonar
på. Desse instrument er kjøpt hjå
musikkhandlarar i Bergen.

Bolk C.

Larmeinstrument og andre instrument.
Maraskreidla hev eg set her i
bygdi (mange år sidan) Dei var til
å skræma hestane med, når dei
stal seg heim på böen — bypste
over dei låge steingjerdi, som var
fyrr. Lei breid fjöl som ei fløy
på ei stang (stang). Når ein sveivde
med denne stangi gjekk flöyi rundt
— og det vart ein knitrande ljöd.
Dette skræmde hestane. Ljöden
kom av at der var laga »tenner»
som flöyi skrapade over, når ho
vart svinga.

Bukkehorn hev og vore litegran i bruk her i Meland. I nyare tid hev eg ikkje høyrte nokon suta i slike horn.

Leit anna slag larmespel såg eg, då eg var smågut. Det var nokkne trespiler, ein sette millom fingrane på sine handi. Når ein so på visse måtar rista på handi, kunde ein få fram eit slag rytmisk larm.

Stugsar eg rett, so var trespilerne svidde & brunsvarte. Då vart det meir larm av dei.

Eg veit ikkje at dei vart brukte i visse høve.

Bolk D.

Slike instrument hev eg ikkje høyrte snakke om her i bygdi. Her finns sikkert ingjenting av slikt.

Merkena til S 4. Namnet på felkassen her var frå gammalt av felhüset (d.e. felkhüset, hüset åt fela. Det er eit vanare namn en dette kassenamnet.

Lias effjæreit.